



Fellesforbundet *meiner...*

Vi må kjempe for rettferdig pensjon

Stortinget skal i haust behandle ei viktig sak om tenestepensjon for arbeidstakarar i private bedrifter. Vi i Fellesforbundet vil ha ei meir rettferdig ordning med pensjonsopptening frå første tente krone – regjeringa vil ikkje.

I dag er bedrifter pålagde å ha ei tenestepensjonsordning. Bedriftene er lovpålagde å innbetale eit innskot på minst 2 prosent av løna til pensjon du skal ha den dagen du blir pensjonist. Men retten er som ein sveitsarost – full av hol. Det er ikkje pålagt å innbetale for:

- Dei første 96 885 kronene (1 gonger Grunnbeløpet i folketrygda) av det du tener.
- Deltidsstillingar mindre enn tjue prosent
- Arbeidstakarar før dei er fylt tjue år.

I tillegg får du inga opptening dersom du er tilsett i mindre enn eitt år. Dette rammer særleg sterkt deltidsarbeidande, og blant dei er det flest kvinner. Dei med dårlegast løn får dermed relativt minst innbetalt til pensjon. Det utrulege er at denne regelen er lagd med det føremålet å halde pensjonen til dei med låg løn nede.

Eit omvendt Robin Hood-prinsipp; Du får relativt mindre opptening av pensjon, jo mindre du tener. Og nokre får ingenting. Omvendt av korleis det er med pensjon i folketrygda. Samtidig er det omfattande ulikebehandling. Regjeringa inngjekk tidlegare i år ein avtale om at tenestepensjon for offentleg tilsette skal tenast opp frå første krone. Samtidig er det slik at vi tener opp sjukepengar, feriepengar og pensjon frå folketrygda frå første krone. Men for tenestepensjon i privat sektor skal det ikkje vera slik. Forstå det den som kan.

Denne uretten vil vi i Fellesforbundet ha slutt på. Mange av bedriftene vi organiserer praktiserer innbetaling frå første krone. Vi synest alle bedrifter skal ha det slik. Bedriftene har i lang tid sett av feriepengar av all lønn som blir utbetalt, på same måte må dei også kunne setje av pensjon til alle sine tilsette.

Stortinget må endre lova. Vi vil ha ein rettferdig pensjon for alle arbeidstakarar i Norge. Det må skje no i haust når Stortinget behandlar saka.

Pensjon er vanskeleg å forstå, men ikkje mindre viktig av den grunn. Det er snakk om mykje pengar for deg og dine. Denne hausten kan Stortinget gjere pensjon enklare – og meir rettferdig.

Støtt opp om Fellesforbundet sine krav!

Fellesforbundet er det største fagforbundet i privat sektor, med meir enn 140.000 medlemmer. Vi organiserer innan industrien, byggebransjen, hotell og restaurant, og innan bilbransjen, i tillegg til fleire andre i privat sektor.

Besøk oss på fellesforbundet.no